

Sykkylven sokneråd

Møte i Sykkylven sokneråd 7. november 2017

Stad: Sykkylven kyrkje, kyrkjekjellaren kl. 19.30

Til stades: Simen Elias Nordbrønn Myklebust, May Lisbeth Hovlid Aurdal, Torbjørn Støylen, Monica Breivik Orre, Liv Hole, Bjørg Djupvik Grebstad, Janne Svindseth og Knut Henning Aursnes.

I tillegg møtte: Arild Sporsheim.

Møtet vart opna av soknerådsleiaren som ønskte velkommen og gav ordet vidare til Monica Breivik som las eit vers frå bibelen og delte gode ord til ettertanke.

Sak 34/17 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak: Innkalling og sakliste vart einstemmig godkjend.

Sak 35/17 Godkjenning referat frå møte i Sykkylven sokneråd 05.09.17

Vedtak: Referatet vart einstemmig godkjend.

Sak 36/17 Val av leiar og nestleiar (årleg)

Soknerådet gjennomførte skriftleg val.


Først var det val av soknerådsleiari. May Lisbeth Aurdal fekk 7 stemmer og Bjørg Grebstad fekk 1 stemme. May Lisbeth Aurdal vart difor gjenvalt til soknerådsleiari for eit år.

Deretter gjekk soknerådet over til å velje nestleiar. Bjørg Grebstad fekk 7 stemmer, og vart gjenvalt til nestleiar for eit år.

Sak 37/17 Offerliste

Soknerådet skal utarbeide offerliste for 2018. I samband med dette gjekk soknepresten gjennom delar av offerlista. Soknepresten oppmoda på vegne av AU om at det vart ei nærmare kopling mellom offermottakar og informasjon/ orientering frå/om offermottakar i kyrkja under Gudstenesta. Dei organisasjonane kyrkjelyden har inngått misjonsavalar med, bør gjenspegle seg i både antal offer og ved val av gode offerdagar. Det kom også fram i diskusjonen at det var eit ynskje at resultata om kor mykje ein fekk i offer vart opplyst for kyrkjelyden.

Vedtak: Soknerådet gjev sokneprest Simen Myklebust og Torbjørn Støylen i oppgåve å utarbeide offerlista for 2018. Soknerådet ber dei ta med seg innspela som kom fram i soknerådsmøtet i samband med arbeidet med offerlista.



Sykylven sokneråd

Sak 38/17 Kirkens SOS, kurs: God å snakke med

Dette er eit to timars kurs for å verte ein god samtalepartnar. Kurset er gratis. Ein kan sjå dette i samanheng med Kyrkje – Heim – Diakoni.

Vedtak: Soknerådet er positiv til at kurset vert halde i Sykkylven Kyrkje, og oppmodar kyrkjekontoret om gå vidare med saka for å få i stand kurset på nyåret.

Sak 39/17 Søknad frå Søndagsskulen

Det har kome søknad frå Søndagsskulen om sponsing av familieleir på Fjellsætra med kr 5.000,-.

Vedtak: Soknerådet ser svært positivt på initiativet, og gjev støtte til leiren med kr 5.000,-.

Sak 40/17 Kneleputer for bruk ved vigsel

Soknerådet har i sak 36/15 bede utsmykkingsnemnda om å utarbeide forslag på kneleputer for brudepara ved vigsel.

Utsmykkingsnemnda har lagt fram tre alternative forslag til kneleputer:


- 1) Framleis bruke dei vi har i kapellet slik dei er i dag.
- 2) Framleis bruke dei vi har i kapellet, men med ei endring slik at ein på ein enkel, rask og sikker måte kan byte ut armlenet og kneputa. Dette til eit armlene i heiltre eik (evt. laminat) og ei laminatplate i eik med ei pute i ein annan farge som knelepute.
- 3) Utvikling av heilt nye kneleputer tilhøyrande kyrkjerommet.

Soknerådet diskuterte dei ulike alternativa og kom fram til følgjande:

Vedtak: Soknerådet ber utsmykkingsnemnda gå vidare med alternativ 2, og om det ikkje let seg gjere, alternativ 3. Kostnad skal leggast fram for soknerådet for godkjenning.

Sak 41/17 Innramming og plassering av reproduksjonar av glasmåleria frå gamlekyrkja

Soknerådet gjorde i sak 32/16 vedtak om kjøp av ni reproduksjonar av dei ni originalbileta Frøydis Haavardsholm utsmykka gamlekyrkja med. Desse har kyrkja motteke og kyrkjeverjen har engasjert Fotograf Lyshol til å ramme inn eit av desse biletene.



Sykylven sokneråd

Vedtak: Soknerådet ber utsmykkingsnemnda ordne med innramming og fastsette plassering av bileta.

Sak 42/17 Bilete av gamlekyrkja

Det har kome forslag om å få trykt opp eit stort bilet av gamlekyrkja og hengje det opp i kyrkjekjellaren. Soknerådet har bedt om utsmykkingsnemnda si vurdering i saka. Utsmykkingsnemnda tilrår å sjå dette i samanheng med dei andre ideane og tankane om utsmykking av underetasjen; kyrkjetorget, kyrkjekjellaren og aktivitetsrommet.

Vedtak: Soknerådet sluttar seg til utsmykkingsnemnda si tilråding om å sjå dette i samanheng med dei andre ideane og tankane om utsmykking av underetasjen; kyrkjetorget, kyrkjekjellaren og aktivitetsrommet.

Sak 43/17 Utvendig belysning av glasmåleria

Det har kome forslag om utvendig belysning av glasmåleria i kyrkjerommet. Kyrkjeverjen syner til at dette spørsmålet har vore tematisert/arbeidd med tidlegare. Utsmykkingsnemnda tilrår ikkje ei utvendig belysning av glasmåleria i kyrkjerommet.

Vedtak: Soknerådet ønskjer ikkje utvendig belysning av glasmåleria i kyrkjerommet. Ein støttar seg til utsmykkingsnemnda si tilråding og grunngjeving om at dette omhandlar det naturlege lysets (sol/dagslys) suverene og mangfaldige evne til å levandegjere kunsten og motiva i glasmåleria. Dette parallelt med kunstens og motivas evne til å formidle bodskap også når det ikkje er opplyst utanfrå. Her er det stikkord som skjulte skattar, undring og mystikk.


Sak 44/17 Belysning av klokketårnet

Det har kome forslag om belysning av kyrkjetårnet. Soknerådet har bedt om ein uttale frå utsmykkingsnemnda om forslaget. Utsmykkingsnemnda tilrår montering av to lysarmatur oppe i sjølve klokketårnet. Diamanten i klokketårnet blir med dette framheva. Denne lyssettinga lyser også opp øvre del av klokketårnet slik at kyrkjeklokkene blir synlege.

Vedtak: Soknerådet støttar forslaget til utsmykkingsnemnda, og ber kyrkjeverjen om å iverksette permanent lyssetting av klokketårnet. Soknerådet takkar Geir Brekke for initiativet.

Eventuelt:

Det var ingen andre saker til handsaming.



Sykylven sokneråd

Referat og orienteringssaker:

- Referat av 09.10.2017 frå møte i utsmykkingsnemnda for Sykkylven Kyrkje.
- Mail frå Ikornnes Sokneråd vedkomande fellesmøter.
- Høyring om ny lov om trus- og livssynssamfunn.

Påminning:

- 12.12.17 Møte i Sykkylven Sokneråd (- muligens saman med Ikornnes sokneråd (Juleavslutning?))
- SR medlemane tak ansvar for mat på møta kvar sin gong.

Referent: Knut Henning Aursnes